



## Mandat for Ungdomsnettverket på Hiv/Aids 2012

Gjennom kampanjen "HIV = ingen forbrytelse" (2010-11) sette LNU fokus på hiv og aids utfordringer både i Noreg og i Sør. Det er sterkt behov for ung deltaking og kunnskap rundt hiv/aids-spørsmål og LNU sitt Internasjonale barne- og ungdomspolitiske program, IBUP 2009-2012, krev at

*"barn og unge sjølv får delta, vert høyrd og får påverke arbeidet med hiv og aids"  
og at "ein nyttar uformell utdanning, formell utdanning og barne- og ungdomsorganisasjonar for å styrke ungt leiarskap og bygge opp kompetanse på hiv og aids".*

I lys av dette ønskjer LNU å vidareføre kunnskap og engasjement på hiv/aids gjennom eit ungdomsnettverk. Målet er å bygge kunnskap og engasjement på hiv/aids-spørsmålet i norske ungdomsorganisasjonar og påverke norsk politikk på hiv/aids både nasjonalt og internasjonalt. Gjennom LNU sitt ansvar for ungdomsrepresentanten inn i Point7-styregruppa til Det globale fondet for bekjempelse av aids, tuberkulose og malaria (Det globale fondet) vil nettverket også vere med å styrke arbeidet for ung deltaking i internasjonale relasjonar.

### Mandat

Ungdomsnettverket på hiv/aids vil vere ein arena for kapasitetsbygging, medverknadsarbeid og utveksling av erfaring på arbeid og politikk rundt hiv og aids-spørsmål. Nettverket si verksemd vil bygge verdigrunnlaget henta frå Barnekonvensjonen og FNs World Programme on Action for Youth, samt relevante vedtak gjort av Barne- og ungdomstinget (BUT) og LNU sitt styre.

Målet for 2012 vil vere kapasitetsbygging og medverknad i form av å følgje opp

- Det globale fondet si ungdomssatsing og norsk rapportering til UNGASS
- UN Aids sin nye ungdomsstrategi "Crowd out aids"
- FN sitt høgnivåmøte på hiv/aids i juni 2011 ga ei fornya politisk erklæring: Political Declaration on HIV/AIDS: Intensifying our Efforts to Eliminate HIV/AIDS

### Beskriving

Alle LNU sine medlemsorganisasjonar kan nominere 1-2 representantar inn i nettverket, og nettverket vil bli leia av ungdomsrepresentanten til Point7-styregruppa i samarbeid med internasjonal rådgjevar på LNU. Ungdomsnettverket vil vere aktivt frå februar 2012 og mandat vil bli revidert i november 2012. Nettverket vil møtast om lag ein gang i månaden og nettverket vil sjølv vere med å påverke val av arbeidsmetodar. Eksterne innleiarar vil vere ein del av arbeidet på kompetansebygging og kontakt med partnerar i Sør vil vere ein del av erfaringsutvekslinga som gjev grunnlag for medverknad og innspel til norske myndigheter. I løpet av året vil LNU også sende ungdomsrepresentantar til relevante møter og nettverket vil kunne bidra til opne seminar for å styrke det internasjonale nettverk og erfarings utveksling med partnerar i Sør.

### Arbeidsområde

Nettverket vil som vist til følgje tre spor i arbeid på hiv/aids:

1. **Det globale fondet si ungdomssatsing og norsk rapportering**
  - a) Det vil seie følgje opp og kome med innspel til den norske ungdomsrepresentanten til Point7, og gjennom samarbeid med internasjonale nettverk og partner-organisasjonar i Sør krevje evaluering og vidare utbetring av ungdomssatsinga.



- b) Sjå på FN's anbefalingar til Noreg, og korleis Noreg rapportera til UNGASS, no kjent som "Global AIDS Response Progress Reporting. Rapporteringa vil mellom anna gjelde straffeparagraf 155.

## 2. **UN Aids "Crowd out aids"**

- a) Å nedkjempe av hiv/aids er ein del av Tusenårsmåla- vårt spørsmål er kvar er ungdomssatsinga og korleis kan vi gjere ungt leiarskap sterkare. UN Aids nye ungdomsstrategi vil vere eit viktig steg i arbeidet på ungt leiarskap, vi vil følgje med på utvikling.

## 3. **FN sitt høgnivåmøte på hiv/aids i juni 2011 resulterte i ei fornya politisk erklæring med forpliktingar og målsettingar i kampen mot hiv/aids.**

- a) Korleis utviklar arbeidet seg og kva målsettingar vert nådd?

Nettverket vil som ein del av arbeidet følgje med på internasjonale prosessar. Det var i 2011 ei rekke møter som resulterte i erklæringar som no må følgjast opp. Arbeidet i 2012 vil difor i stor grad bestå av å bygge kompetanse på og følgje opp internasjonale prosessar frå 2011 slik at nettverket i løpet av 2012 og 2013 aktivt skal kunne medverke med innspel til forhandlingar på internasjonale strategiar og deklarasjonar.

